



Reglement for lån/utleige av Martin Linge-huset

1. Lag og organisasjonar i Fjord kommune får vederlagsfritt nytte Martin Linge-huset til kultur-, idrett- og fritidsaktivitetar til treningar/øvingar. Det skal betalast leige for innteksbringande arrangement som genererer ekstra kostnad knytt til drifta m.v.
2. Lag og organisasjonar frå andre kommunar, og private og kommersielle aktørar må betale for all bruk etter gjeldande satsar.
3. Det skal vere eit brukarlag ved Martin Linge-huset som aktivt skal bidra til drift og tilsyn med bygget. Brukarlaget skal vere sett saman av
 - a. Ein representant frå idretten
 - b. Ein representant frå kulturlivet
 - c. Ein representant frå skulen
 - d. Ein representant frå administrasjonen
 - e. Ein representant frå næringslivet
 - f. Driftsansvarleg
4. Driftsansvarleg avgjer søknader om faste leigetilhøve utanom skuletid gjennom året saman med Brukarlaget. Bruk av Martin Linge-huset i skuletida blir avgjort av driftsansvarleg saman med dei aktuelle kommunale brukarane.
5. Lag og organisasjonar frå andre kommunar kan leige Martin Linge-huset til idretts- og kulturaktivitetar. Bestilling av huset skjer via driftsansvarleg. Utleige skal tilpassast aktivitetar drivne av lokale lag og organisasjonar.
6. Innhaldet i kulturaktivitetane som blir drivne i Martin Linge-huset skal ikkje bryte med intensjonane i lover og føresegner.
7. Leigetakarar må vere budde på å vike plassen ved spesielle hendingar. Den kan vere kommunale arrangement og større turneringar der det er behov for større delar av huset over ein eller fleire dagar.
8. Tilsyn utanom skuletida skal organiserast av brukarlaget.
9. Nyting av alkohol i Martin Linge-huset er i utgangspunktet forbode. Driftsansvarleg avgjer etter søknad om det skal opnast for nyting av alkohol i samband med arrangement. Det må i tillegg søkjast Fjord kommune om skjenkeløyve.
10. Driftsansvarleg skal syte for at leigetakarar vert gjort kjent med gjeldande utleigeregjar.

11. Reglar for leigetakar/brukarar:

- a. Leigetakar pliktar til ei kvar tid å rette seg etter dei reglane som gjeld for Martin Linge-huset
- b. Leigetakar skal alltid stille med ein namngjeven person over 18 år som ansvarleg for aktivitetane.
- c. Leigetakar er ansvarleg for skader som blir påført bygning, innbu og utstyr i samband med leigetilhøvet. Ansvarleg skal straks melde frå til driftsansvarleg om eventuelle skader som er påført anlegget i leigeperioden.
- d. Ansvarleg pliktar å viser bort personar som ikkje rettar seg etter reglar og/eller påbod.
- e. Ansvarleg syter for at aktivitetane er tilpassa rom, inventar og utstyr. Romma skal vere i god orden etter kvar brukar. Lys skal slåast av. Dører skal vere låste, og vindauge attlatne. Avvik skal meldast skriftleg til driftsansvarleg.
- f. Ansvarleg som etter påtale ikkje rettar seg etter utleigereglane, kan takast frå retten til å vere ansvarshavande. Både den ansvarlege og gruppa vedkomande er leiar for, kan bli utestengte frå bygget. Melding om brot på utleigereglane skal sendast via driftsansvarleg til brukarlaget, som etter vedtak eventuelt stansar utleigetilhøvet. Vedtak om utestenging kan klagast til rådmannen. Utleigetilhøvet vil i alle tilfelle stansast til rådmannen har fatta endeleg avgjerd i saka.

12. Martin Linge-huset skal til vanleg ikkje nyttast til utleige etter klokka 2300. Etter avtale med driftsansvarleg kan det dispenserast frå denne regelen.

13. Utleigesatsane er kommunalt vedtekne satsar, og blir justert årleg.